

---

**Fra:** Arne Mangerøey <mangeroe@online.no>  
**Sendt:** søndag 7. juni 2020 20:25  
**Til:** Postmottak Alver  
**Kopi:** mangeroe@online.no  
**Emne:** Klage på støy frå industriområdet Mangerøy

## **Klage på støy frå industriområdet Mangerøy**

### **Bakgrunn.**

Bedrifta som eig industriområdet forholdt seg ikkje til reguleringsplanen. Eg ha freiste å halda kontakt med Radøy gruppen visa e-post for å finne ein løysning, men bedrifta har ikkje svara på sidan 16 september 2019.

Eg har tidigare sendt skriftleg klage til tidigare Radøy kommune sak nr: 20/107, som ble vidaresendt av Radøy kommune til Fylkesmannen i Vestland saksnr 2019122566. Etter telefonsamtale med saksbehandlar hos fylkesmannen Nesse, Magne den 31.05.2020 fekk eg vita at dette ikkje lenger var ei sak som fylkesmannen skulle handtere, men at det var Alver kommune som skulle handtere slik klage saker. Derfor sender eg nå inn ny klage i håp om at det denne gangen blir saksbehandla av kommunen.

### **Drøfting.**

Etter mi meing forgår det hyppig brud på reguleringsplanen og føresegner for Mangerøy industriområdet. I hovudsak er brudene relatert til støy som er en konsekvens av manglande landstrøm for fartøya som ligg til kai der.

Konkret m einer eg det er det brud på følgande i føresegner for industriområdet:

#### **Føresegn 1.5.1 Landstraum**

Pr tid ligger det tre fartøy langs kaien Skandi Neptune, Skandi Constructor og Skandi Foula der minst 1 av dem ikkje er på landstrøm utifrå støyen som er antar eg at det er den yste og siste som ankom Skandi Foula som er utan landstraum, men det har tidlegare og vore støy frå andre fartøty som har vore til kai der. Som det går fram av tidigare klage og e-post utveksling mellom meg og Fylkesmannen er dette et problem som har vore kvardagen heilt sidan første fartøy Skandi Acergy kom til området 19 august 2019. I periodar har det ikkje berre vert generator som har vert i drift men også maskineri. Maskineriet har eg fått forklart av DOF (rederiet til fartøya) og Radøy gruppen at måtte være i gang i dårleg vær. Dette fortel meg at kapasiteten på landstrømsanlegget er for liten, og at fortøyings arrangementet på land ikkje er dimensjonert for den ekstra belastninga som det gir å ha fleire fartøy i trott til kai.

#### **Føresegn 1.5.2 Støytilhøve**

Her står det at støy frå området er regulert i T1442

Slik eg leser denne skal det være maks 45db på natt og helger, men tillate 55db på virkedagar. Dette har eg målt til langt over de verdiane ved mange anledningar. Eg har målt dette med en mobil app så det kan nok berre sjåast på som en god indikasjon. Eg har også notert ned verdiane ved fleire anledningar. Det føreligg en støy rapport frå SWECO datert 2015. Den stemmer ikkje med realiteten, og tar heller ikkje høgde for at det ligger fartøy fast i opplag på området.

#### **Føresegn 6.1.1Friluftsområde i sjø**

Slik eg ser det er det brud her sidan det med tre fartøy i trott strekker seg anslagsvis 75 meter ut frå kaien, og gjer at ferdsel gjennom Grønnholmsundet vanskeleg.

Eg meiner og at det er følgande brudd på punkter i reguleringsplanen planid 1260 2015 000 200 for industriområdet Mangerøy.

I reguleringsplanen er der ikkje nemnt at kaien som er etablert skal brukast til opplag av fartøy slik den pr tid blir brukt. Området utan for kaien er slik eg tolker det av satt til Naturområde i sjø i kommuneplanen. Derfor meiner eg at det å ha 3 fartøy i trott utan på kvarandre i strid med kva området er regulert for.

#### PKT 3.1.1 ISPS

Eg kan ikkje sjå at det er gjort noko form for ISPS tiltak i kai området. Dette til tross for at det sidan 19 august 2019 har vore fartøy til kai der som fører utanlandsk flagg. Elles vil eg tru at alle dei fartøya som ligger der pr tid er i internasjonal fart.

#### PKT 4.7 Folkehelse (støy, Ureining).

Rapporten som i dette punkt blir beskriven stemmer ikkje med verkelegheitene , og tar ikkje høgde for at det ligge fleire fartøy til kai der over tid. Grense verdiane som er omtalt i punktet blir ikkje heldt iht. T1442. Her er det også lagt inn avbøtande tiltak at fartøy som ligger til kai skal benytta seg av landstrøm. Dette blir ikkje gjort for alle fartøy. Eg har vert i samtale med både rederiet DOF pr telefon, og med mannskapet på 1 av fartøya som bekreftar at det ikkje er nok kapasitet på landstrøms anlegget. Resultatet av at ikkje alle fartøya er på landstrøm er at det blir støy forureining, som svært ofte er over grenseverdien (uoffisielle målingar med mobil app) samt at det og da som en konsekvens av at maskineriet er i gang kommer eksos. Eg stiller og spørsmål med fortøyings arrangementa sidan fartøya må ved moderate vind forhold ligge med maskineriet i gang . Dette i følgje rederiet for å være på den sikre side.

#### PKT 4.11.2

Støyrapporten som det her referere til stemmer ikkje med realiteten og nå situasjonen.

#### PKT 5 Risiko

I tabellen pkt nr 35 det stemmer ikkje siden det genererer eksos når fartøya ikkje er på landstrøm. Nr 36 støy stemmer ikkje med nå situasjon. Nr 41 med tre fartøy til kai i breiden er det til hinder for fritidsbåtar som går leia. Nr 52/53 Blir ikkje fulgt, men er omtalt fyldig tidigare i klagen

Er det noko i denne klage, som er uklart eller som treng vidare utgreiing kan eg kontaktast på [mangeroe@online.no](mailto:mangeroe@online.no)

#### Konklusjon

Ber med dette om at Alver kommune behandlar denne klage saken og heldt meg orientert om framdrift.

Mvh

Arne Mangerøy

[mangeroe@oinline.no](mailto:mangeroe@oinline.no)